



Notat

Til
Kopi til
Vår ref. 26/482-1
Saksbehandler Linda Å. Kaland
Dato 06.03.2026

Høyring av mellombels endring av forskrift for servering, sal og skjenking av alkoholholdig drikk - Eidfjord kommune

Det norske herrelandslaget i fotball har for fyrste gong på 28 år kvalifisert seg til VM. Meisterskapet vert avvikla i USA, Canada og Mexico i perioden 11. juni til 19. juli 2026. På grunn av tidsforskjellen vil enkelte av kampane verta sendt på tidspunkt utover alkohollova si maksimaltid for skjenking. For at det skal vera mogleg å fortsatt skjenka alkohol medan kampane pågår, foreslår Helse og omsorgsdepartementet i høyringsnotat av 30.januar 2026 med høyringsfrist 13.mars 2026, mellombels unntak frå alkohollova si makstid for skjenking.

Formålet med skjenketider er å avgrensa forbruket av alkohol og dermed dei samfunnsmessige og individuelle skadane som alkoholbruk kan medføra. Når det likevel vert foreslått å gje eit midlertidig unntak i dette tilfellet, skuldast det at dette er ei ekstraordinær hending av avgrensa varigheit der fleire av kampane finn stad mellom klokka 03.00 og 06.00. Fotball er Norges mest populære idrett, og fotball-VM for herrer er blant verdas mest sette Tv-hendingar. Dette er fjerde gong det norske herrelandslaget deltek, og det er lang tid sidan sist. Generelt meiner departementet ein bør vera svært tilbakehalden med å gjera midlertidige endringar i alkoholregelverket ettersom det kan uthula heilheit og konsistens i alkoholpolitikken. Det mellombels unntaket er ikkje meint å skapa presedens for seinare anledningar. Lovendringa vert difor avgrensa til fotball-VM for herrar 2026.

Det framlagte lovframlegget frå Helse og omsorgsdepartementet lyder:

«Kommunestyret kan for perioden 11. juni til 19. juli 2026 fastsette skjenketider for alkoholholdig drikk i gruppe 1 og 2 som avviker fra fjerde ledd. Dette kan fastsettes generelt for kommunen eller for det enkelte skjenkested. Avvikende skjenketider kan bare fastsettes for skjenkesteder som viser direktesendte kamper i fotball-VM for herrer 2026 for stedets gjester.»

Departementet oppmodar kommunane å ikkje avvenda Stortinget si behandling av lovframlegget, men behandla nødvendige lokale endringar, med atterhald om at den føreslegne lovendringa vert vedteke.

I forskrift for servering, sal og skjenking av alkoholhaldig drikk, Eidfjord kommune, er maksimaltid for skjenking gruppe 1 (øl) og gruppe 2 (vin/sider) jamfør §§ 2-3 a), 2-4 a) og 4-2 sett til kl. 02.00.

Kommunane står fritt til å ta stilling til om dei vil nytta seg av og moglegheita å tillata skjenking utover vedteken maksimaltid (kl. 02.00) under meisterskapet, men ikkje lengre enn til kl 06.00

Det kan vedtakast for eksempel om dette gjeld delar av meisterskapet, berre under Norges kampar, berre til eit visst tidpunkt, berre innandørs, inga endring, eller ein vel å fylja forslag til endring i lovframlegget.

Det framlagt lovframlegget opnar ikkje opp for ei generell utviding av maksimaltid for skjenking, men til skjenkestader som tilbyr direktesende VM-kampar og berre gruppe 1 og gruppe 2 til maksimalt kl. 06.00.

Fotball-VM er ei spesiell hending, med relativt få kampar med start etter kl 02.00.

Rådmannen foreslår å følgja føreslege lovendring frå Helse og omsorgsdepartementet med skjenking fram til kl 06.00, ved arrangement med direktesende VM-kampar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I forskrift for servering, sal og skjenking av alkoholhaldig drikk, Eidfjord kommune, vert maksimaltida og forbodet jf. §§ 2-3 a), 2-4 a) og 4-2 a) for skjenking av alkoholgruppe 1 og 2, endra generelt for kommunen i tråd med føreslege lovendring frå Helse og omsorgsdepartementet under fotball VM for herrar 2026, med atterhald om at den føreslegne lovendringa vert vedteke. Avvikande skjenketider gjeld berre for skjenkestader som viser direktesendte kampar i fotball-VM for herrar 2026 for stedets gjester.

Mellombels endring i forskrift for servering, sal og skjenking av alkoholhaldig drikk, Eidfjord kommune i samband med fotball VM 2026 vert lagt ut på høyring.

Etter høyringsfrista vil sak om godkjenning av den mellombelse endringa i forskrifta bli lagt fram for kommunestyre for endeleg vedtak.

Vedlegg

Høyringsnotat

Høringsnotat - forslag om midlertidig endring av alkohollovens bestemmelse om maksimaltid for skjenking under fotball-VM for herrar 2026